



## Les med meg!

### Ein pose bøker til heimlån

## Til alle barn og føresette i barnehagen

Værsågod - lån med deg heim ei tøyveske fylt med herlege høgtlesingsbøker.

Vi gjer lån av bøker til ein leik! Ta med frå barnehagen og lever tilbake når de har lese ferdig.

I ein travel kvardag er det ikkje alltid så lett å koma seg på biblioteket for å låna bøker. Her får de ein enkel måte å få bøker med heim. Biblioteket har valt ut bøker som eignar seg til høgtlesing og koselege lesestunder saman.

- Utlån og innlevering blir registrert på utlånsplakaten.
- Noter namn, dato og nummeret på tøyveska.
- Kvar pose inneheld **tre** bøker eigna til høgtlesing.
- De kan låna *ein* pose av gongen i inntil **to** veker.

Bøkene låner de frå **biblioteket**, og vi ønskjer dykk hjarteleg velkomne til oss for å bli betre kjent og låne fleire bøker.

God lesnad!  
Helsing biblioteket og barnehagen